

Plan for eit godt psykososialt miljø i Aukrabarnehagen

Fremme leik, vennskap og deltaking

Førebygge mobbeåtferd

Frå observasjon til tiltak

Det er grunnleggjande at ALLE barn som går i barnehagen, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik.

Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap.

Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og den skal førebyggje krenkingar og mobbing.

- Rammeplan

Dei tilsette i barnehagen skal ha ein observerande veremåte for å sikre at uheldige samspelsmønster vert raskt oppfatta og gjort noko med.

INNHALD

INNLEIING	Side 3
KORT SAMANDRAG	Side 4
1. TIDLEG INNSATS I BARNEHAGEN, FREMME VENNSKAP, LEIK OG DELTAKING	Side 6
2. MOBBING OG BYRJANDE MOBBEÅTFERD I BARNEHAGEN	Side 10
3. TIDLEG INNSATS I BARNEHAGEN, FØREBYGGE MOBBEÅTFERD	Side 13
4. FRÅ OBSERVASJON TIL TILTAK	Side 15
LITTERATURLISTE OG AKTUELLE NETTIDER	Side 16
Vedlegg : Skjema for å melde frå	
Vedlegg : Skriftleg aktivitetsplan	
Vedlegg : Observasjonsskjema	



INNLEIING

[Barnehagelova og Rammeplan for barnehagen](#) seier at å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhørsle og anerkjening, og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal spegle seg igjen i barnehagen.

Barnehagelova set fast at barnehagane har ei omsorgsplikt, og har ein helsefremmande og førebyggjande funksjon, og den skal arbeide kontinuerleg for å fremme helsa, trivselen, leiken og læringa til barna.

1.januar 2021 fekk lova eit nytt kapittel 8, Psykososialt barnehagemiljø (link til lovtekst) :

§ 41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid.

§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt).

§ 43. Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn.

Rammeplan seier at å bidra til at alle barn i barnehage, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt.

Når barnet kjenner seg trygt og godt teke vare på, er utgangspunktet for læring og meistring det beste. Arbeidet med relasjonane mellom vaksne og barn, og barna imellom, er sentralt for å utvikle og sikre barna eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Det fremmer motstandskraft, og er utviklings- og helsefremmande. Forsking viser at det er redusert risiko for å bli utsett for krenkingar eller mobba dersom dei tilsette har ein god relasjon til barnet. (Hughes, Cavell og Wilson 2001)

Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler, og dei kommunale vedtektene for Aukrabarnehagane er tydeleg på at barnehagen skal fremme trivsel og gode psykososiale tilhøve. Psykososialt miljø er det sosiale miljøet i barnehagen, og korleis barna og dei tilsette opplever det.

Tidleg innsats.

Forsking framhevar kor viktig det er med tidleg innsats. Når vi hjelper barn tidleg, kan det førebygge sosiale og emosjonelle vanskar seinare. Om vi er god på å følgje med, oppdage, gripe inn og stoppe byrjande mobbeåtferd, kan vi bryte eit negativt utviklingsløp før mobbing får tid til å eskalere.

J.J.Heckman (Nobelprisvinnar i økonomi i 2000), viser i sin kurve (link : [The Heckman Curve](#)), kor viktig førebygging og helsefremmande arbeid med dei yngste barna er i eit samfunnsøkonomisk perspektiv. Å investere i barn, dess tidlegare, jo betre, er det som har størst betydning på samfunnsnivå.

Arbeidet med mobbing i barnehagen er nært knytt til dei tilsette sine haldningar, og kor bevisst dei er mobbing sin påverknad på barna. [Forskningsrapporten, Hele barnet, hele løpet. Mobbing i barnehagen 2015](#) (link), seier at det er alltid personalet sitt ansvar å ta mobbing på alvor. I gode barnehagar veit dei tilsette kva dei skal sjå etter og gjere når mobbing skjer, og dei gjer det. Det viktige er å skape positive, inkluderande klima i barnegruppene, og alltid jobbe aktivt mot byrjande mobbeåtferd.

Denne plana vil vere med på å auke dei tilsette sin kunnskap om, og bevisstheit kring mobbing, og gje dei meir handlingskompetanse til å arbeide førebyggjande og gripe inn når det skjer. Plana gjev foreldra informasjon om korleis barnehagen arbeider helsefremmande og førebyggjande, og kva rutinar barnehagen har for å handtere mobbeåtferd. Den vil og seie noko om korleis foreldre vert involvert og skal medverke i arbeidet. Foreldre må vite kva barnehagen skal gjere dersom mobbing oppstår.

Barnehagane i Aukra har nulltoleranse for alle former for krenking, slik lova skildrar det ; mobbing, utestenging, vald, diskriminering og trakassering.

Vi trur at mobbing og mobbeåtferd skjer, men vi tek problemet på alvor, og gjer noko for å motverke, førebygge og stoppe det.

Barn i barnehagen skal ha eit trygt og god psykososialt miljø.

Mobbing høyrer ikkje heime i den gode barndommen.

Barna si oppleving, dei tilsette sitt ansvar og foreldre si involvering er kjernepunkt.



KORT SAMANDRAG

Planen er delt inn i fire kapittel.

Vi startar med å skrive om korleis barnehagen skal leggje til rette for utvikling av vennskap, og gode inkluderande fellesskap, og korleis barn tileignar seg sosial kompetanse gjennom positivt samspel. Vidare definerer og forklarar vi korleis mobbing og byrjande mobbeåtferd kan sjå ut i barnehagen, før vi seier noko om korleis vi tenkjer at vi kan førebygge mobbing.

Plana vert avslutta med korleis vi skal følgje med, avdekke, melde frå, gripe inn, handtere og følgje opp mobbing og mobbeåtferd med tiltak i Aukrabarnehagen.

1. Tidleg innsats - fremme leik, vennskap og deltaking.	Her peiker vi på verdien av eit trygt og godt psykososialt miljø, god sosial kompetanse, korleis vennskap og leik er beskyttande faktorar, korleis barna gjennom sjølvhevding og empati kan stå opp for seg sjølv og andre, og korleis gode relasjonar er grunnmur for ei god psykisk helse.
2. Mobbing og byrjande mobbeåtferd i barnehagen	Definerer mobbing i barnehagen, og utdjuar korleis sosiale prosessar i barnegruppa kan komme på avvege og utvikle seg til uheldige samspelsmønster mellom barna. Dersom desse mønstra vert stabile, kan det over tid utvikle seg til mobbeåtferd eller mobbing. Enkeltbarn sine sårbarheiter, barnegruppa sin dynamikk og klima, og dei vaksne sin kunnskap, haldningar og handlingskompetanse er avgjerande faktorar. Vi forklarar korleis vi kan nytte ressurskontrollteorien for å forstå mobbing og byrjande mobbeåtferd.
3. Tidleg innsats - førebygge mobbeåtferd.	Vi viser her korleis sosial støtte til barna, autoritative barnehagar, gode rammefaktorar og samarbeid med foreldre og ulike instansar er viktig i det førebyggande arbeidet.
4. Frå observasjon til tiltak.	Handlar om korleis vi gjennom observasjon, å melde frå, undersøkje og lage aktivitetsplan kan oppdage, følgje opp, stoppe og handtere mobbing og krenkingar.

Skjema for å melde frå om mobbeåtferd/mobbing, aktivitetsplan og observasjonsskjema er vedlegg til denne plana.

1. TIDLEG INNSATS I BARNEHAGEN, FREMME VENNSKAP, LEIK OG DELTAKING.

Barnehagen skal forebygge tilfelle hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leiken og læringen til barna.

Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.

Lov om barnehagar § 41. og 42.

Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler.

Rammeplan for barnehagen

Sosial kompetanse handlar om å lukkast i å omgåst andre.

Det omfattar korleis barna brukar dei sosiale ferdigheitene sine på hensiktsmessige måtar i ulike sosiale situasjonar og samanhengar. Sosial kompetanse inneber at barnet kan regulere følelsane sine og åtferda si, og tilpasse desse til andre menneske sine behov og til den enkelte situasjon. Dette er komplekse ferdigheiter som vert utvikla i positivt og gjensidig samspel med andre menneske.

God sosial kompetanse er ein ressurs for barnet, ein beskyttande faktor, fremmer barnet si robustheit og meistring i livet, og verkar som ei vaksine mot problemåtferd.

Rammeplanen seier at foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. Samarbeidet skal alltid ha barnet sitt beste som kompass.

Vennskap og leik som beskyttande faktor.

Verdien av vennskap er stor.

Å ha ein eller fleire gode vennar vil vere ein viktig del av barn sin bærebjelke i livet.

Barna seier sjølv at det viktigaste med å gå i barnehagen er å leike og få vennar. (Hele barnet, hele løpet, Mobbing i barnehagen. 2015)

Barn må lære mange sosiale ferdigheiter for å utvikle positive vennerelasjonar og førebygge mobbeåtferd. Personalet sine haldningar og handlingar knytt til barn si utvikling av vennskap er sentralt for korleis dei får til dette.

Tidleg innsats når det gjeld mobbing kan til dømes vere at personalet systematisk og målretta arbeider for å inkludere barn i meningsfulle vennskap, og skapar og held ved lag inkluderande fellesskap. Det arbeidet bør vere ein naturleg del av den daglege pedagogiske praksisen i barnehagen.

At alle barn får utvikla eit godt nok språk til å kunne vere likeverdige deltakarar i samspel og leik, er avgjerande for korleis ein lukkast med å etablere desse vennskapa.

Leiken er den viktigaste arenaen for læring og sosialisering for barn. Den har stor betydning for barna si generelle utvikling, men spesielt med tanke på sosial kompetanse.

Alle barn i barnehagen skal delta i og erfare glede i leik. Personalet må ha kunnskap om, og vere bevisste på, korleis dei kan bruke leik og andre situasjonar gjennom barnehagedagen for å utvikle vennskap og gode relasjonar.

Å gje barna felles erfaringar, hjelp til å knekke leikekoder, støtte inn i leik og inngangsbilletter til etablert leik, er viktig. Nokre barn må lære å leike, og treng hjelp til det.

Ved å vere med i leiken, kan dei tilsette støtte opp om, styrke og utvide barna sin leikekompetanse. Leikegrupper med færre barn, og nære vaksne som stort sett er dei same frå gong til gong, vil vere ein trygg og oversiktleg kontekst der å lære å leike og danne vennskap blir enklare for dei barna som strevar med dette.

May Britt Drugli snakkar om samspelssirklar der dei vaksne går inn i gjensidig samspel med barna ved å fange opp det barna er opptekne av, respondere på det, for så å vente på «svar» tilbake frå barnet igjen. Jo fleire rundar med «serve and return», som ho kallar det, dess meir får barna øvd seg på samspel, turtaking, sjølvkontroll og sjølvhending.

Barnehageforskning trekkjer linjer mellom leik, vennskap og trivsel. Vennskap og leik førebygger mobbeåtferd, som igjen er avgjerande for om barna trivast og er trygg i barnehagen.

Alle barn skal kjenne at dei er viktig for fellesskapet.

Sjølvhending - Stå opp for seg sjølv og andre.

Det er viktig at barn lærer seg å stå opp mot krenkingar og mobbeåtferd dersom dei eller andre vert utsett for det. Å vite korleis dei kan handle, og samtidig vere trygg på seg sjølv, gjev dei ei kjensle av å ha kontroll. Når barna viser at dei har ei god og trygg sjølvkjensle, kan det hindre at andre forsøker å mobbe dei. Barn må lære at dei alltid kan be dei vaksne om hjelp. Det er viktig at vi møter barna med anerkjening, respekt, forståing og handlekraft når dei seier i frå til oss.

Empati er ein av dei viktigaste sosiale ferdigheitene for å førebygge mobbeåtferd. Den er under utvikling i barnehagealder, og det er viktig at barna får øve på å vise empati. Vi vaksne må vere gode rollemodellar ved å møte barna på dei følelsane dei har, trøyste og setje ord på det som skjer. Dersom barna forstår, bryr seg om og responderer med omsorg på andre barn sine tankar og kjensler, vil dei i mindre grad såre andre, og heller ønskje å vere vennlege, trøyste og hjelpe til, slik at andre barn føler seg betre.

Å snakke om forskjellar som ein styrke og ressurs for gruppa kan vere med å utvikle barna sin toleranse og respekt for dei som er annleis enn seg sjølv. Barnehagen skal fremme mangfaldet i barnegruppa, og likeverd er ein grunnleggjande verdi som den pedagogiske praksisen skal tufte på. Barna skal ha støtte frå dei vaksne til å øve seg på å handtere og tole ueinigheiter og konflikhtar.



God psykisk helse har grunnlag i gode relasjoner.

Barnet
er inga gåte
Barnet er enkelt
som ei grankongle
Gje det varme
og det opnar
alle sine frø
(Arne Ruset)


Eit godt og trygt psykososialt miljø, og eit positivt klima, er grunnmuren i det førebyggjande arbeidet mot mobbing. Varme, engasjerte og ansvarlege tilsette forstår at relasjonsarbeid er det viktigaste dei held på med i barnehagen. Relasjonane skal vere prega av trygg tilknytning, omsorg og kjærleik, samtidig som det vert stilt tydelege krav til korleis vi skal vere mot kvarandre.

Barnehagane i Aukra nyttar Tryggleikssirkelen (COS) som grunnlag i alt arbeid. I barnegruppene, i foreldreaktiv tilvenjing og som rettleiing til foreldre.



Trygghetssirkelen[®]

Veikart til å se barnet innenfra



©2016 Cooper, Hoffman, & Powell
www.circleofsecurity.net

Verktøy og metodar vi kan nytte i barnehagen for arbeide med relasjonar og sosial kompetanse:

Samtalebilder og tegninger / Musa Marius av Merete Holmsen	Bilda er ei form for samtaleverktøy med barn kring vanskelege tema
Du og jeg og vi to av Kari Lamer	Eit program bygd på forskingsbasert kunnskap, for utvikling av sosial kompetanse
Elle Melle plakatar	Bilde til samtale/ filosofering med barn om t.d. vennskap, fellesskap og mobbing
Steg for steg (småsteg)	Er eit systematisk verktøy for å øve inn og trene på sosiale ferdigheiter
Fargekartlegging av Kari Pape	For å kartlegge, reflektere over og utvikle personalet sine relasjonar til enkeltbarn
Dialogspel.	Personalet reflekterer over ulike påstandar for å bevisstgjere eigne haldningar og verdiar, og utvikle eigen praksis
Marte Meo rettleiing (PPT)	Vert brukt for å utvikle og styrke samspel. Kva utviklingsstøtte treng barnet frå dei tilsette
Psykologisk førstehjelp av Solfrid Raknes	Materiell for å samtale med barn om tankar og følelsar, og korleis få det betre med seg sjølv og med vennene i barnehagen
Førskulegruppa/ solsikkeklubben	Det siste året før skolestart vert det arbeida med sosial kompetanse for å skape fellesskap og gruppetilhøyrslø med dei barna som skal starte i 1.klasse
Tryggleikssirkelen (Circle of security) og foreldreaktiv tilvenjing	Verktøy for å forstå kva behov barn har, kva signal det gjev og kva vi kan gjere for å møte desse behova på ein god måte. Målet er barn med trygg tilknytning, rusta til å møte dei utfordringane dei vil støyte på i livet
Leikegrupper	Skape eit god ramme, og eit trygt og oversiktleg miljø for å etablere og utvikle lek og samspel Boka ; Sosial mestring i barnegrupper av Liv Vedeler, og Eg vil også være med av Ellen Birgitte Ruud, er aktuell litteratur.
Dialogmodellen (link)	Foreldremøte / foreldremedverknad og samarbeid
Hele Meg (link)	bidra til økt kunnskap om grensesetting for egen kropp og styrke selvfølelse og individ. I tillegg; å forebygge vald, seksuelle overgrep, og grenseoverskridingar.
Barnesamtalar	For å få tak i barnet si stemme i høve trivsel og tryggleik i barnehagen
Kapittel 3 og 4 i boka Mobbeatferd i barnehagen	Førebyggjande aktivitetar og empati-aktivitetar
Pedagogisk analysemodell av Thomas Nordahl (link)	Ein modell som vi kan bruke for å løyse utfordringar i praksis. Kan passe godt når vi skal arbeide med tiltak i heile barnegruppa.

2. MOBBING OG BYRJANDE MOBBEÅTFERD I BARNEHAGEN.

Når rapporten *Hele barnet, hele løpet. Om mobbing i barnehagen*, forstår mobbing i barnehagen som sosiale prosesser på avvege, vert det viktig at barnehagane set fokus på dei fellesskapa dei har, den kulturen som er, og dei sosiale prosessane som skjer, kvar dag.

Forskning viser at barn har mobbeåtferd også i tidleg alder. Barna treng likevel ikkje å vere klar over at det er det dei gjer, og at handlingane deira har negativ verknad på andre.

12 prosent av barna seier at dei ofte vert plaga av andre barn.

Korleis kan mobbeåtferd sjå ut i barnehagen ?

Mobbing kan bli drive fram av belønningar som for eksempel å få tak i ressursar og oppnå sosial status. Når småbarna brukar negative handlingsstrategiar, er det gjerne for å få tilgang til t.d. leiker, eller for å få merksemd frå andre barn eller vaksne. Intensjon er ikkje bevisst i denne alderen.

Når ei negativ handling gjev ein sosial ressurs som t.d. tilhøyrslø eller popularitet, er det lett for at barnet gjentek den åtferden. Dersom slik åtferd får utvikle seg i barnegruppa, kan det etterkvart bli stabile mønster og utvikle seg til mobbing.

Ressurskontrollteorien

Er ein teori utforma av Hawley, Little og Card (2007), har bakgrunn i omfattande forskning, og er ein innfallsvinkel vi kan bruke når vi skal forstå barn si sosiale utvikling i grupper.

Eit sentralt fokus i teorien er korleis ein kan oppnå ressurskontroll.

Korleis får barn tak i ressursar som er viktig for dei for å komme seg fram i livet ?

Teorien skil mellom materielle ressursar, sosiale ressursar og tilgang på informasjon.

Korleis ein kan oppnå desse ressursane vert forklart i to dimensjonar ; prososiale (positive) og negative handlingar.

Med bakgrunn i desse dimensjonane er det identifisert fire grupper utifrå kva tilnærming dei nyttar for å nå tak i ressursar. Desse fire gruppene er :

- **Dei prososiale**, som oppnår ressursar ved å utøve sosiale ferdigheiter, ha ei positiv innstilling til vennskap og ha lite konflikter med andre. Gruppa scorar høgt på status.
- **Dei negative**, manglar sosiale ferdigheiter og har vanskar med å etablere vennskap. Dei er ofte i konflikter. Dei kan få tak i ressursar, men har lav status blant andre på same alder.
- **Dei bistrategiske**, har prososiale ferdigheiter, normalt gode relasjonar til vaksne og eit vennenettverk. Dei brukar også negative handlingar som t.d. utestenging. Gruppa scorar høgt på å få tak i ressursar, og er blant dei med høgast status blant jamgamle. Dei er blant dei mest populære og ettertrakta barn og unge, samtidig som dei held på med negative handlingar og mobberelaterte aktiviteter. Truleg ikkje for å skade, men for å oppnå ressursar.
- **Dei ikkje-kontrollerande**, får i liten grad tak i ressursar. Dei er sosialt passive, usikre, har lav status og treng hjelp for å bli inkludert i vennenettverk.

Denne teorien kan vi bruke til å sjå og forstå mobbing/ mobbeåtferd, vi kan finne ut kven som treng hjelp, og kva handlingar vi bør følgje med på. Status er eit element det vert viktig å forstå i desse prosessane.

Sosial eksklusjonsangst (link til film)

Sosial eksklusjonsangst vert forstått som sosiale prosesser på avvege. Menneske er avhengige av å høyre til eit fellesskap. Når menneske si tilhøyrslø til fellesskapet er trua, oppstår angsten for å bli utestengt. Angsten bringer fram forakt og avsky for eit gruppemedlem, som vert stempla som annleis. Den utstøytte mister sin posisjon i gruppa. Redselen for å bli utestengt frå eit fellesskap kan vere drivkraft for å mobbe. Hensikten er ikkje å gjere andre vondt eller øydelegge vennskap, men å sikre si eiga tilhøyrslø til gruppa.

(Ingrid Lund og Mai Britt Helgesen)

Mobbing i barnehagen kan bli definert på mange måtar.
Vi vel å bruke den som Utdanningsdirektoratet brukar :

I barnehagen kan mobbing forstås som at barn utsettes for negative hendelser fra andre i lek og samspill, der de opplever å ikke være en betydningsfull person for fellesskapet.
(Lund, Helgeland).

Definisjonen seier at mobbing i barnehagen handlar om å krenkje dei små barna sitt grunnleggjande behov for tilhøyrse.

Sentralt er negative hendingar og det å ikkje kjenne seg inkludert i leik og samspel.

I tillegg seier andre definisjonar at mobbing involverer ei ubalanse i styrkeforholdet mellom den som utøver, og den som vert utsett for det. Dette er til forskjell frå konflikhtar, der styrkeforholdet er likt, og som kan vere kime til utvikling dersom barna får støtte og hjelp til å løyse dei.

Når det gjeld små barn må vi sjå heilskapleg på barnehagekvardagen og barnet sin totale livssituasjon. Enkeltepisodar kan vere utslagsgjevande for somme barn, særleg dersom det i heilskapen er andre risikofaktorar.

Eit barn som er godt teke i vare, og som fungerer trygt sosialt, vil som oftast vere robust i møte med negative enkelthendingar i barnehagen, og tole det som skjer.

Former for mobbeåtfærd	
FYSISK MOBBING	kan vere å dytte, slå, bite, sparke, lugge, ta i frå leiker, øydelegge eigedelar.
VERBAL MOBBING	kan vere kallenamn, fornærme, truslar, erting, latterleggjering.
RELASJONELL MOBBING	kan vere ekskludering, utestenging, spreie rykte, dominere/ bli bestemt over, få tildelt roller med lav status i rolleleik, bli tvinga til å gjere noko, gjere grimasar mot, få andre til å skade nokon, stikke av frå.

(Mobbeåtfærd i barnehagen, Idsøe og Roland ,2017)

Enkeltbarn og barnegruppa.

Enkeltbarn sine sårbarheiter som t.d. å vere introvert eller passiv, lite utvikla språk, ha lav sosial kompetanse, ha utagerande åtfærd eller lav impuls kontroll, men også korleis barna påverkar kvarandre i dei sosiale prosessane, kan ha samanheng med mobbeåtfærd i barnehagen.

Etablering av roller i barnegruppa og kvaliteten på samspelet mellom barna, er viktige faktorar som dei tilsette må følgje med på, og handle i høve til. Vi må sjå og gripe inn overfor dei som viser mobbeåtfærd, barn som blir utsett for mobbeåtfærd, og dei barna som er tilskodarar.

I forskingsprosjektet *Hele barnet-hele løpet (om mobbing i barnehagen)* viste det seg at 1-2 barn i dei observerte barnehagane systematisk vart avvist eller stengd ute av dei andre barna. Typisk for desse barna var :

- manglande leikekompetanse
- manglande språk – eller kommunikasjonsferdigheiter
- offeret vart oversett og negativt definert av dei tilsatte i barnehagen.

Tidleg intervensjon og rettleiing kan vere med å etablere ein atmosfære der mobbing ikkje vert tillate, og slik åtfærd ikkje får grobotn.

Dei tilsette i barnehagen.

Rammeplanen seier at personalet skal førebygge, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige åtferdsmønster. Barnehagelova § 41 og 42 er tydeleg på korleis dei tilsatte skal praktisere nulltoleranse og arbeide førebyggjande med å sikre barna eit trygt og godt psykososial barnehagemiljø. § 43 er ei skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen krenkjer eit barn.

Dersom dei tilsette ikkje grip inn, vert den byrjande mobbeåtferda legalisert. Å stoppe mobbing krev tydelege, varme og profesjonelle vaksne (autoritative), som følgjer med, har oversikt og kontroll, og som reagerer med respekt for alle partar.

Dei må vise at det er handlinga til barnet eller barna dei ikkje aksepterer, ikkje barnet som person. Det er viktig at det vert jobba godt og systematisk med å skape inkluderande fellesskap, der alle barn si deltaking i lek er heilt sentralt.


Personalet er rollemodellar og har eit særleg ansvar for at kvaliteten på interaksjonar, relasjonar og kommunikasjonen seg i mellom er god og positiv.

I Aukrubarnehagen snakkar vi «om å ha eit hjerte innstilt på fred» (sitat Line Melvold) . Vi vil den andre sitt beste !

Samarbeidet og kommunikasjonen mellom dei vaksne som jobbar der, vil prege klimaet i barnegruppa. Barnehagane må ha ein sunn og konstruktiv tilbakemeldingskultur som er med å fremme positivt samarbeid og trivsel, og som reagerer dersom uakseptabel åtferd som t.d. krenkingar mot barn skjer.

Å bygge kapasitet i personalgruppa om psykososialt barnehagemiljø, utviklar ei felles forståing som skal sikre kvaliteten på dette arbeidet. Kva haldningar og kunnskap vi byggjer verdigrunnlaget og praksisen vår på, er avgjerande for kor godt vi lukkast.

Haldningstrappa (Lund, 2020) visualiserer dette for oss på ein god måte. Dei vaksne sitt ansvar og evne til å lede og samarbeide byggjer på nokre grunnleggjande **haldningar** til barn og til vaksenrolla i barnehagen. Våre haldningar til barn og deira atferd ligg der som ein base for korleis vi tek inn **kunnskapen** vi har og får. Desse haldningane pregar **handlingane** våre. Korleis vi møter barn, og kva vi vel å gjere. Vi må kontinuerleg reflektere på alle dei tre trinna.



«Det vi ser etter, avgjer kva vi får auge på. Det vi får auge på, avgjer kva vi gjere.»

3. TIDLEG INNSATS I BARNEHAGEN, FØREBYGGE MOBBEÅTFERD.

Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp.

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadane til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Inkludering i barnehagen handlar og om å leggje til rette for sosial deltaking. (Rammeplan for barnehagen)

Om mobbeåtferd vert eit mønster i barnegruppa, eller om personalet grip inn på ein måte som verkar bra, og som hindrar at det skjer, er avgjerande for om mobbing spreier seg eller varar ved inn i skole -og ungdomsalder.

Det er påvist ein samanheng mellom å ha negative relasjonar det siste året i barnehagen og i 8.klasse.

Sosial støtte.

Sosial støtte er identifisert som ein førebyggjande faktor mot mobbing.

Foreldre og tilsette i barnehagen er nøkkelpersonar, og må guide barna.

Så tidleg som mogleg må barna får øve seg på å samtale. Å ha ferdigheiter til å kunne seie i frå, formidle korleis dei har det og kva dei føler, og til å spørje om hjelp, er viktig.

Kompetente vaksne skal gripe inn, og gje støtte i uheldige sosiale interaksjonar slik at dei kjem inn på rett spor. Ut i frå prinsippet om barn sin medverknad må barna få rettleiing gjennom dialog når ein observerer potensiell mobbeåtferd.

Korleis barna snakkar til og med kvarandre, mengd av konflikhtar og evne til å løyse dei, er faktorar som kan gje oss ein peikepinn på om miljøet er godt eller dårleg.


Sensitive vaksne er nær og fangar opp signal i barnegruppa, og hjå enkeltbarn. Dei gjev respons til barna sine behov, og tilbyr støtte og tryggleik.

Autoritative barnehagar.

Autoritative barnehagar er prega av tryggleik.

I slike barnehagar jobbar det vaksne som ser barna, gjev varme responsar, sett tydelege grenser og grip inn overfor negativ åtferd.

Forskning peikar på viktigheita av den autoritative vaksenrolla for å førebyggje og stoppe mobbing. Det fordrar ein god kombinasjon mellom relasjonsvarme og tydelege krav og kontroll.



(Det autoritative perspektivet, Baumrind, 1991)

Dei tilsette grip inn i mobbesituasjonar som oppstår, og gjev tydeleg beskjed om at slike handlingar ikkje er lov. Dette vert gjort med varme og respekt for alle dei involverte partane. Barna må bli rettleia i retning av prososiale handlingar.

Sårbare barn, som står i fare for å bli utsett for mobbeåtferd og negative handlingar, treng ekstra kvalitet i relasjonsbygginga, og mykje emosjonell støtte frå dei vaksne. Både passive, introverte barn, og barn med utagerande handlingar har t.d. høgare risiko for å bli utsett for mobbeaktivitet. Desse barna har eit sterkt behov for at nokon hjelper dei med relasjonsbygging, og med å komme inn i leik. May Britt Drugli (Professor ved RKBU) seier at det er ingenting som er viktigare ! Her og nå gjev det tryggleik, trivsel og tilhøyrse, i tillegg beskyttar gode relasjonar mot effekten av belastningar seinare i livet.

Alle barn i barnehagen skal kunne «kvile» seg i at det alltid er ein vaksen som er der for akkurat dei.

Eit inkluderande fellesskap skal vere med å førebygge uheldige samspelsmønster. Dei tilsette i barnehagen må kunne bruke observasjon som verktøy for å fange opp klima i gruppa, sårbare barn, og avdekke og ta tak i byrjande mobbeåtferd.

Barn må få forklart kvifor åtferda deira ikkje er ønskja, og må få rettleiing i alternative positive handlingar. Å lære seg å løyse konflikter med andre barn på ein konstruktiv og positiv måte er eit viktig verktøy for å meistre leik og samspel.

Rammefaktorar.

Barnehagen må sikre at strukturar og rutinar legg til rette for at barna skal lukkast. Frileik og overgangar frå ein aktivitet til ein anna, er potensielle stader der barn kan komme i konflikt eller inn i negativt samspel. Her krev det at dei tilsette er nær, aktiv og sensitiv. Korleis ein organiserer barna i grupper og korleis ein fordeler personalet, vil og vere med å påverke klimaet i barnegruppa. Det er avgjerande at vi kontinuerleg har eit bevisst og evaluerande blick på dette.

Det er viktig at det fysiske miljøet på barnehagen er med å fremme positivt samspel og god leik. Vi må lage møteplassar på avdelingane som inkluderer alle, støttar opp om relasjonsbygging og utviklar fellesskapet. Det krev at vi er bevisste på utforminga av miljøet og val av leiker og materiell. Denne faktoren vil påverke kor godt barna vert knytt saman, kva moglegheiter det er for godt samspel og til inkludering av fleire barn i leik og aktivitetar. Avdelingane må ha møteplassar der barn og vaksne saman får bygge trygge relasjonar med kvarandre.

Samarbeid.

I arbeidet mot mobbing har dei tilsette og foreldre eit felles ansvar, og det er viktig å trekkje i same retning. Openheit, felles forståing og involvering er sentralt.

Forsknings- og utviklingsprosjektet *Dialog og samarbeid i arbeidet mot mobbing*, har samarbeid mellom foreldre og tilsatte som utgangspunkt i arbeidet mot mobbing i barnehagen. I ein barnehage der vaksne samarbeider godt med barn, kvarandre og foreldre, og stadig utfordrar og utviklar eigen samarbeidskompetanse, har mobbeprosessar dårlegare kår. (Lund og Helgeland, 2018).

Barnehagen har ansvar for å skape dette samarbeidet og legge til rette for ein god dialog kring temaet generelt, og i enkeltsaker spesielt.

Det kan og vere aktuelt å rettleie foreldre spesifikt på saker.

Familiar med gode relasjonar er førebyggjande mot mobbing, og beskyttande i seg sjølv.

I alvorlege saker bør barnehagen søkje råd, rettleiing og samarbeid med andre instansar som t.d. helsestasjon, PPT, mobbeombodet, og i somme saker også på kommunenivå (barnehageeigar/kommunedirektør).

4. FRÅ OBSERVASJON TIL TILTAK.

Rammeplan seier at barnehagen skal handtere, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster.

Barnehagelova presiserer at alle som arbeider i barnehagen skal gripe inn når eit barn vert utsett for krenkingar. Vi skal følgje med, melde frå, undersøkje og setje inn tiltak. Dersom det skal vere tiltak i ei sak, skal barnehagen lage ei skriftleg plan.

Når det gjeld mobbing må det bli jobba både på individ- og systemnivå.

Observasjon – følgje med på .

Dei tilsette i barnehagen skal ha ein observerande veremåte for å sikre at uheldige samspelsmønster vert raskt oppfatta og gjort noko med.

Mona Halsauet Frønes i boka *Den observerende barnehagelæreren*, skildrar denne veremåten slik ; Vaksne som er aktivt tilstade, med eit våkent blikk og ei lyttande innstilling til hendingar i barnehagen.

Det vil og vere nødvendig med systematisk og målretta observasjon og/ eller kartlegging.

Det er mange måtar å gjere det på. (Sjå vedlegg)

Av og til vil det beste vere å «skreddarsy» skjema utifrå eit konkret behov.

Ønskjer vi å ta i bruk metodar som er meir standardisert, kan vi t.d. bruke laupande protokoll, sosiogram, kontaktdiagram, praksisforteljingar eller barnesamtalar.

Det er viktig at dei tilsette deltek aktiv i leik, og grip inn når det er nødvendig. Då er det lettare å oppdage uheldige samspelsmønster.

Systematisk observasjon og refleksjon over kvaliteten på det uformelle samspelet kan vere med å hindre at mobbing får oppstå eller utvikle seg.

Foreldre og resten av personalet må bli involvert i arbeidet/ tiltaka heile vegen.

Melde frå og aktivitetsplan.

Alle som oppdagar mobbeåtferd eller mobbing har ansvar for å melde i frå så raskt som mogleg. Ein kan melde frå både munnleg og skriftleg.

Dersom det er mistanke om eller kjennskap til mobbing, eller det kjem inn melding om mobbeåtferd/ mobbing til barnehagen, skal barnehagen så snart som råd undersøkje saka, og utarbeide ei aktivitetsplan.

Styrrar har særskilt ansvar for å følgje opp og dokumentere sakene på ein forsvarleg måte. Pedagogisk leiar, i samarbeid med foreldre og dei andre tilsette, skal delta aktivt i prosessen i høve handtering, oppfølging og evaluering.

Særleg gjeld det dei tiltaka som vert sett i verk.

Barnehageeigar ved kommunedirektør vert varsla ved alvorlege saker.

Skjema for å melde frå og aktivitetsplan er vedlegg til denne handlingsplanen.

Fremme vennskap og fellesskap, og førebygge uheldige samspelsmønster og mobbeatferd

Observerande veremåte

MELDING

Eit eller fleire barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø

Kan vere både skriftleg og munnleg.

Husk ! Dokumentasjon

Samtalar med foreldre/ barn

§42 Alvorlege tilfelle, eller §43 Skjerpet aktivitetsplikt

Melde i frå til barnehageeigar

Husk GDPR

Lage AKTIVITETSPLAN i samarbeid med foreldre.
Oppfylle delpliktene

Undersøkinga viser at barnet har eit trygt og godt barnehagemiljø.
Husk at barnet og foreldra si stemme tel mest.

Avslutte aktivitetsplan.
Avtale korleis ein arbeidar vidare.

Undersøkinga viser at barnet ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø

Søkje ekstern støtte dersom behov

Fortsetje AKTIVITETSPLAN
Lage tiltak , gjennomføre tiltak

Husk GDPR

Evaluere og eventuelt justere tiltak etter maks 4 veker

Når barnet har eit trygt og godt barnehagemiljø igjen, kan aktivitetsplan avsluttast, og vi avtalar korleis vi arbeider vidare med å vedlikehalde tiltaka.

NB ! Barne – og foreldrestemma

LITTERATURLISTE

- Lov om barnehagar 01.01.2021
- Rammeplan for barnehagen 24.april 2017
- Mobbeatferd i barnehagen. Temaforståelse – forebygging – tiltak. Ella Cosmovici og Pål Roland.
- Hele barnet, hele løpet. Mobbing i barnehagen. Forskingsrapport 2015. Ingrid Lund (red.)
- Barn sin trivsel – voksnes ansvar. Førebyggjande arbeid mot mobbing startar i barnehagen. Utdanningsdirektoratet.
- Mobbing i barnehagen (brosjyre). Foreldreutvalget for barnehager.
- Liten i barnehagen. Forsking, teori og praksis. May Britt Drugli.
- Livsmestring og psykisk helse. May Britt Drugli, Ratib Lekhal
- Further Support for the Developmental Significance of the Quality of the Teacher–Student Relationship. Hughes, Cavell og Wilson 2001
- Skjema for varsling og Skriftleg aktivitetsplan. Aukraskolen. Aukra kommune.
- Den observerende barnehagelæreren. Mona Halsauet Frønes.
- Forskingsrapport 2019 Dialog og samarbeid i arbeidet mot mobbing
- Eg vil også være med. Ellen Birgitte Ruud.
- Sosial mestring i barnegrupper. Liv Vedeler
- Mobbing i barnehage og skole. Nye perspektiver. Ingrid Lund og Anne Helgeland.

AKTUELLE NETTSTADER

Nullmobbing.no

Læringsmiljøsenderet

Udir.no